

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol  
**Sendt:** onsdag 24. februar 2016 15.57  
**Til:** 'Nina Skjerping'  
**Kopi:** Arnold Matre; Siril Therese Sylta  
**Emne:** SV: Bjørsvik settefisk

Hei,

Beklager seint svar i høve din førespurnad, då førespurnaden fall litt mellom byggesak og plan her hjå oss.

I høve den aktuelle problemstillinga så kjem det ikkje fram noko særleg grunngjeving for kvifor ein ynskjer den aktuelle utvidinga, men me rekner med at dette vil kome med i ein evt søknad. I høve spørsmålet knytt til dispensasjon eller mindre endring, har byggesak meldt tilbake at ein i utgangspunktet kan handsame dette som ein dispensasjonsøknad, men vil påpeike at ein då seinare vert nøydd til å söke om dispensasjon på ny om det skulle vere naudsynt med andre justeringar eller endring på bygg, etc. Tek ein det som ei reguleringsendring, vil ein sleppe å söke om disp om det skulle dukke opp nokre endringar.

Ein dispensasjonssøknad må i alle høve grundig utgreie dei ulike tilhøva det vert søkt dispensasjon frå og gjort justeringar opp i mot, då spesielt tilhøvet til sjø. Evt andre aktuelle tema må også belysast (skjenanse for andre, etc). Det hadde vore ei føremon om det kun var areala på land som vart endra, men dette må vere opp til dykk å vurdere. Ein dispensasjon her vil også verte sendt til Fylkesmannen for vurdering, då det er areal i strandsona det er snakk om.

Håper dette er tilstrekkeleg svar.

Venleg helsing

**Christian Hagerup Reinshol**  
Arealplanleggjar / Klimarådgjevar  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune

---

**Fra:** Nina Skjerping [<mailto:Nina.Skerping@akvator.no>]  
**Sendt:** 18. februar 2016 13:33  
**Til:** Christian Hagerup Reinshol  
**Kopi:** Arnold Matre  
**Emne:** RE: Bjørsvik settefisk

Hei

Me vonar at kommune vi gi oss eit svar i løpet av denne veka som tidlegare signalisert.  
Og igjen vil be tilby å ta eit møte med kommunen om denne saka, dersom kommunen ynskjer det.

Nina

Akvator AS  
94 83 90 44

---

**From:** Nina Skjerpning  
**Sent:** 12. februar 2016 14:38  
**To:** 'christian.reinshol@lindas.kommune.no' <[christian.reinshol@lindas.kommune.no](mailto:christian.reinshol@lindas.kommune.no)>  
**Cc:** 'arnold.matre@lindas.kommune.no' <[arnold.matre@lindas.kommune.no](mailto:arnold.matre@lindas.kommune.no)>  
**Subject:** RE: Bjørsvik settefisk

Hei

Me kan framleis ikkje sjå at me har motteke svar på vår førespurnad.  
Dersom det er ynskjeleg at Akvator og Lerøy Vest tar eit møte med kommunen for å diskutera saka - så gjer me gjerne det.

Nina  
Akvator AS  
94 83 90 44

---

**From:** Nina Skjerpning  
**Sent:** 4. februar 2016 13:17  
**To:** 'christian.reinshol@lindas.kommune.no' <[christian.reinshol@lindas.kommune.no](mailto:christian.reinshol@lindas.kommune.no)>  
**Cc:** 'arnhold.matre@lindas.kommune.no' <[arnhold.matre@lindas.kommune.no](mailto:arnhold.matre@lindas.kommune.no)>  
**Subject:** Bjørsvik settefisk

Hei

Akvator sendte kommunen ein e-post den 16.12.2015 der me ynskte ei tilbakemelding kring våre planar om vidare utbygging hjå Bjørsvik settefisk i Bjørsvik.  
Lerøy Vest ynskjer at nybygget vert større i areal enn det reguleringsplan legg opp til. I innsendt e-post var det lagt med eit kart som viste kvar bygget ville komme (bygget vil gå langsmed vist byggegrense).  
Me ba om ei tilbakemelding frå kommunen om dette kunne aksepterast som ei dispensasjonssak eller om endringa måtte gå via ei mindre reguleringsendring.  
Me kan ikkje sjå å ha fått noko svar på dette enno. Me vonar kommunen kan prioritera saka, slik at me raskt kan få ei avklaring.

Venleg helsing  
**Nina Skjerpning**  
Plan

---

**Akvator AS**  
Kunnskapshuset                    Tlf: +47 94 83 90 44  
Sæ 132                            e-mail: [nina@akvator.no](mailto:nina@akvator.no)  
N-5417 Stord                    [www.akvator.no](http://www.akvator.no)